

To uskedelingar på sonesamling

15.12.2009



Dei lovande fotballspelarane Hans Fredrik Zimmer (født 1996) og Kari Bråtun (også født 1996) frå Uskedalen var blant dei 80 som i helga var på sonesamling i Rosendal. 21 av dei høyrer heime i kvinnherske klubbar.

Det var Hordaland Fotballkrets sone Sunnhordland som arrangerte samlinga for talentar født i 1995 og 1996. Under leiing av Erling K. Grov og med trenarar som Stord-legenda Morten Tislevoll fekk dei unge kyndig innføring.

No skal troppen slankast slik at rundt rekna 50 blir med vidare.

Dei som viste seg å vera gode nok, blir med på ytterlegare to samlingar, den første på Bremnes midt i januar og den andre på Husnes midt i mars.

- Her er det berre talent, vi har samla dei som vil litt meir med fotballen. Desse spelarane er dei beste i sine eigne klubbar, seier Grov til Grenda.

Dei som blir med vidare vil utgjera Sunnhordland sine sonelag. Det er ikkje lett å plukka ut dei beste. Det finns

nokre einarar, men deretter er det jamt.

- Målet vårt er å gje dei unge inspirasjon og eit lite løft slik at dei får trua på at dei kan lukkast, seier Grov. Men han legg til at det er viktig å ha tålmod.

På biletet er uskedelingen Kari Bråten ho som har blå vest.

(Foto: Grenda)